



# AURLAND KOMMUNE

## Rådmannen

Aurland, 22.06.2021

NVE  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

Vår ref.  
**2020001115-9**

Dykkar ref.

Sakshandsamar  
Norunn Haugen,  
47674567

Arkiv  
K2-S11, K3-&13

## Uttale frå Aurland kommune til vilkårsrevisjon for Arnafjord og Vikvassdraga

### Kommunestyret - 047/21:

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

Aurland kommune vedtek slik uttale i samband med vilkårsrevisjon for Arnafjord og Vikvassdraga:

1. Aurland kommune forventar at konsesjonær i samband med vilkårsrevisjon vert pålagt å bidra restaurering av elvelaup, eventuelt erosjonssikring og fjerning av massar som har blitt liggande i elvelaupet.
2. Aurland kommune forventar at det blir sett vilkår til konsesjonær om årleg fiskefond.
3. Aurland kommune si vurdering er at regulanten må påleggast å bidra i Vassforskriftsarbeidet og til miljømåla for Nærøydalselevi blir nådd.
4. Aurland kommune meiner at regulanten må påleggast å gjennomføre miljøløysingar i samband med revisjonssaka, og at desse analysane vert lagt til grunn for ei vurdering av kva som er tilstrekkeleg minstevassføring i dei ulike vassdraga.
5. Revisjonsaka, eventuelle OU-prosjekt og vassforskriftsarbeidet må sjåast i samanheng.
6. Aurland kommune er samd i at det bør innførast standardvilkår for naturforvaltning som gjev sektormyndene heimel til å pålegge undersøkingar og tiltak. I tillegg til omsynet til fisken, bør standardvilkår for naturforvaltning for Nærøydalselevi omfatte erosjonssikring og restaureringstiltak

Samrøystes

Med helsing

Norunn Haugen  
Leiar for forvaltning og utvikling

### Kopi til:

Nærøydalen elveeigarlag ved Nils  
Oskar Fardal

**Kopi til:**

Vik kommune  
Voss Herad

Postboks 134 6891  
Postboks 145 5701

VIK I SOGN  
VOSS



## AURLAND KOMMUNE

### Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
057/21	Formannskapet	10.06.2021
047/21	Kommunestyret	17.06.2021

Arkivsaknr.:	Arkiv	Sakshandsamar	Dato
20/1115 - 21/4106	K2-S11, K3-&13	Norunn Haugen 47674567	02.06.2021

#### Uttale frå Aurland kommune til vilkårsrevisjon for Arnafjord og Vikvassdraga

**Saka gjeld:**

Arnafjord og Vikvassdraga omfattar område i dei tre kommunane Vik, Voss og Aurland. I Aurland kommune er det i hovudsak Nærøydalselvi som er påverka av reguleringa. Utbygginga hentar vatn frå kjeldene til Jordalselvi, som igjen renn ut i Nærøydalselvi. Nærøydalselvi saman med Vikja er nasjonale laksevassdrag. Deler av reguleringsområdet ved Fresvikbreen og Brevatna i Vik kommune ligg innanfor Nærøyfjorden landskapsvernområde. NVE la i desember 2020 revisjonsdokumentet ut til høyring. Kommunane Vik, Voss og Aurland har fått usett høyringsfrist til 1.juli. Adminstrasjonen legg fram med framlegg til uttale frå kommunen.

**Tilråding frå rådmannen:**

Aurland kommune vedtek slik uttale i samband med vilkårsrevisjon for Arnafjord og Vikvassdraga:

1. Aurland kommune forventar at konsesjonær i samband med vilkårsrevisjon vert pålagt å bidra restaurering av elvelaup, eventuelt erosjonssikring og fjerning av massar som har blitt liggande i elvelaupet.
2. Aurland kommune forventar at det blir sett vilkår til konsesjonær om årleg fiskefond.

3. Aurland kommune si vurdering er at regulanten må påleggast å bidra i Vassforskriftsarbeidet og til miljømåla for Nærøydalselvi blir nådd.
4. Aurland kommune meiner at regulanten må påleggast å gjennomføre miljøanalyser i samband med revisjonssaka, og at desse analysane vert lagt til grunn for ei vurdering av kva som er tilstrekkeleg minstevassføring i dei ulike vassdraga.
5. Revisjonssaka, eventuelle OU-prosjekt og vassforskriftsarbeidet må sjåast i samanheng.
6. Aurland kommune er samd i at det bør innførast standardvilkår for naturforvaltning som gjev sektormynde heimel til å pålegge undersøkingar og tiltak. I tillegg til omsynet til fisken, bør standardvilkår for naturforvaltning for Nærøydalselvi omfatte erosjonssikring og restaureringstiltak

### **Saksframlegg**

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) mottok i 2017 brev med krav om revisjon frå kommunane Vik og Voss (19.4.2017), Nærøydalselvi elveeigarlag (13.3.2014) og Norsk Villaksbevaring (27.2.2013). I mars 2018 opna NVE revisjonssaka. Statkraft som konsesjonær fekk frist til 1.10.2018 for å utarbeide revisjonsdokumentet. NVE la revisjonsdokumentet ut på høyring i desember 2020. Høyringsfristen blei sett til 1. april 2021. Kommunane Aurland, Vik og Voss søkte om utviding av fristen til 1.7.2021 og fekk dette innvilga.

Då revisjonsdokumenta kom vart desse lagt ut på kommunen sine heimesider:  
<https://www.aurland.kommune.no/nve-hoeyring-revisjon-av-konsesjonsvilkaar-for-arnafjord-og-vikvassdraga-i-vik-aurland-og-voss-kommunar.6355573-552075.html>

Revisjonen gjeld vilkåra for konsesjonane Reguleringsbestemmelser for statsreguleringen i Arnafjordvassdragene m.v. (kgl. res. Av 27.6.1969) og Erverv av bruksrett til Tennevassdraget, Valsvikvassdraget og fall i Refsdalsvassdraget samt til regulering av Målsetvatn og overføringer til Målsetvatn og Refsdalsvassdraget (kronprinsregentens res. Av 26.7.1957). Korkje reguleringskonsesjon eller ervervskonsesjonen er tidsavgrensa, men det er høve til revisjon av vilkåra etter 50 år frå 6. august 1965.

### **Kunnskapsgrunnlag**

Konsesjonæren har utarbeida revisjonsdokument etter mal frå OED, 2012 «Retningslinjer for revisjon av konsesjonsvilkår for vassdragsreguleringar». Revisjonsdokumentet omtalar mellom anna konsesjonæren si vurdering av skadar og ulemper som følgje av reguleringa, vurdering av innkomne krav og framlegg til endringar i vilkår. Nedanfor er det tema som er relevante for Nærøydalselvi kommentert:

## **Vassføring og flaum**

Konsesjonæren si vurdering er at dei fråførte nedbørsfeltene for Nærøydalselvi er små, samalikna med restfeltet, slik at ein kan anta at reguleringa har liten effekt på flaumvassføring. Målingar av vassføring i elva gjev motseiande resultat ved låg vassføring og konsesjonæren antar at dette skuldast isoppstuvning i elva og andre feilkjelder.

Konsesjonæren viser til at massetransport og sedimentering er eit stort tema i dei fleste av desse vassdraga. Minka flaumar pga fråført vatn kan vere ei av årsakene til at sedimentering som tidlegare ville blitt frakta ut i fjorden legg seg opp på stadar i elva.

### **Vurdering:**

Grunneigar ved Hylland har peika på at det er lite vassføring i elva vinter og at elva fleire plassar kan vere botnfyst. Grunneigar peikar på at sedimentering er eit problem i Nærøydalselvi på strekinga som er berørt av reguleringa. Grunneigar viser til ei flaumhending i 2000 der vassføring i Jordalselvi vart auka for å hindre flaum i Vik. Massen som då kom frå Jordalselvi har blitt liggande i elveløpet i Nærøydalselvi. På grunn av sedimentering tek no elva nye laup når det er høg vassføring. Dette fører til skadar på innmark, bustader og auka fare for forureining frå landbruk i Nærøydalselvi. Aurland kommune bør krevje at konsesjonær i samband med vilkårsrevisjon vert pålagt å bidra restaurering av elvelaup, eventuelt erosjonssikring og fjerning av massar som har blitt liggande i elvelaupet.

## **Avbøtande tiltak**

Konsesjonæren var tidelegare pålagt av Miljødirektoratet utsetting av laks og sjøaure i Nærøydalselvi. Dette er no oppheva. I konsesjonen vart det sett vilkår om fond på kr 50.000 til Aurland kommune til fremje av fiske.

### **Vurdering:**

Fiskefond til Aurland kommune var eit eingongsbeløp. Fiske er ei viktig tilleggsnæring for grunneigarar i Nærøydalen. Busetting og aktivt landbruk er eit viktig kriterie for verdsarvstatusen og Aurland kommune bør krevje at det blir sett vilkår til konsesjonær om årleg fiskefond.

Miljødirektoratet skriv i tiltaksprogrammet til ny regional vassforvaltningsplan at dei gjennomfører undersøkingar i Nærøydalselvi og fleire andre anadrome laksevassdrag for identifisere ytterlegare nye tiltak (jf. Regional Vassforvaltningsplan 2022-2027 – tiltaksprogram s. 19).

## **Vassforskriftsarbeidet**

EU sitt vassdirektiv og vassforskrifta pålegg sektormyndigheitene å fastsette miljømål for alle vassførekomstar og jobbe for å oppnå desse miljømåla. I revisjonsdokumentet er ikkje miljømål for Nærøydalselvi kommentert.

#### **Vurdering:**

Registreringar i vann-nett viser at miljømål for Nærøydalselvi ikkje er nådd i planperioden 2016-2021. Nærøydalselvi har såleis moderat miljøstandard. Aurland kommune si vurdering er at regulanten må påleggast å bidra til å nå miljømål for Nærøydalselvi.

#### **Skadar og ulemper av reguleringa og krav om minstevassføring:**

Konsesjonæren skriv at Nærøydalselvi har fått redusert vassføring som følgje av reguleringa. Konsesjonæren legg til grunn at påverknad på fiskebestand er moderat. I samband med krav om revisjon av vilkår er det remja krav om minstevassføring. Konsesjonæren vurderer at krav om minstevassføring, der mellom anna overføringar frå Nærøydalselvi vert stansa store delar av året, vil føre til auka flaumfare i fleire vassdrag og peikar på eit berekna krafttap på 128Gwh. Konsesjonæren har oppfatta at krav om minstevassføring i Nærøydalselvi er knytt til ynskje om å styrke laksebestanden. Konsesjonæren viser til at Nærøydalselvi ikkje er oppført i vedlegg 2 i regional vassforvaltningsplan for Sogn og Fjordane, men er i rapport nr 49/2013 (NVE) nemnt som eit vassdrag der minstevassføring er eit aktuelt tiltak.

#### **Vurdering:**

Nærøydalselvi er nasjonalt laksevassdrag og i følgje OED sine retningslinjer for revisjonsaker er minstevassføring særleg aktuelt for nasjonale laksevassdrag og «vassdrag med stor verdi for fisk og fiske». Aurland kommune si vurdering er at minstevassføring i Nærøydalselvi ikkje er godt nok utgreia i revisjonsdokumentet. Revisjonsdokumentet vektlegg ikkje at kraftverk over tid har fått meir tilsig (NVE 50/2019). Aurland kommune si vurdering er at regulanten må påleggast å gjennomføre miljøanalyser i samband med revisjonssaka og at desse skal ligge til grunn for vurdering av kva som er tilstrekkeleg minstevassføring i dei ulike vassdraga. Revisjonsaka, eventuelle OU-prosjekt og vassforskriftsarbeidet, må sjåast i samanheng.

#### **Standardvilkår for naturforvaltning**

Regulanten kommenterer særskilt, at ved innføring av standardvilkår for naturforvaltning vil Miljødirektoratet få heimel til å gje pålegg om tiltak og undersøkingar som gjeld «tiltak for å betre tilhøva for anadrom fisk i Nærøydalselvi».

#### **Vurdering:**

Aurland kommune er samd i at det bør innførast standardvilkår for naturforvaltning som gjev sektormynde heimel til å pålegge undersøkingar og tiltak. I tillegg til omsynet til fisken bør standardvilkår for naturforvaltning for Nærøydalselvi omfatte erosjonssikring og restaureringstiltak.

#### **Konklusjon:**

Vurderingane i saka er oppsummert i tilrådinga.

## Uprenta vedlegg til saka:

- Revisjonsdokument, Statkraft og Sognekraft, oktober 2020
- Retningslinjer for revisjon av konsesjonsvilkår for Vassdragsreguleringar, OED 2012
- Nasjonal prioritering av konsesjoner til revisjon, NVE og Miljødirektoratet Rapport 49/2013
- Regional vassforvaltingsplan Sogn og Fjordane 2016-2021

### 10.06.2021 Formannskapet

#### Handsaming i møte:

##### Røysting:

Framlegg frå rådmannen: Samrøystes

### FS-057/21 Vedtak:

Aurland kommune vedtek slik uttale i samband med vilkårsrevisjon for Arnafjord og Vikvassdraga:

1. Aurland kommune forventar at konsesjonær i samband med vilkårsrevisjon vert pålagt å bidra restaurering av elvelaup, eventuelt erosjonssikring og fjerning av massar som har blitt liggande i elvelaupet.
2. Aurland kommune forventar at det blir sett vilkår til konsesjonær om årleg fiskefond.
3. Aurland kommune si vurdering er at regulanten må påleggast å bidra i Vassforskriftsarbeidet og til at miljømåla for Nærøydalselevi blir nådd.
4. Aurland kommune meiner at regulanten må påleggast å gjennomføre miljøanalyser i samband med revisjonssaka, og at desse analysane vert lagt til grunn for ei vurdering av kva som er tilstrekkeleg minstevassføring i dei ulike vassdraga.
5. Revisjonsaka, eventuelle OU-prosjekt og vassforskriftsarbeidet må sjåast i samanheng.
6. Aurland kommune er samd i at det bør innførast standardvilkår for naturforvaltning som gjev sektormynde heimel til å pålegge undersøkingar og tiltak. I tillegg til omsynet til fisken, bør standardvilkår for naturforvaltning for Nærøydalselevi omfatte erosjonssikring og restaureringstiltak

Samrøystes

### 17.06.2021 Kommunestyret

#### Handsaming i møte:

##### Røysting:

Framlegg frå formannskapet: samrøystes

### KS-047/21 Vedtak:

Aurland kommune vedtek slik uttale i samband med vilkårsrevisjon for Arnafjord og Vikvassdraga:

1. Aurland kommune forventar at konsesjonær i samband med vilkårsrevisjon vert pålagt å bidra restaurering av elvelaup, eventuelt erosjonssikring og

- fjerning av massar som har blitt liggande i elvelaupet.
2. Aurland kommune forventar at det blir sett vilkår til konsesjonær om årleg fiskefond.
  3. Aurland kommune si vurdering er at regulanten må påleggast å bidra i Vassforskriftsarbeidet og til miljømåla for Nærøydalselvi blir nådd.
  4. Aurland kommune meiner at regulanten må påleggast å gjennomføre miljøanalyser i samband med revisjonssaka, og at desse analysane vert lagt til grunn for ei vurdering av kva som er tilstrekkeleg minstevassføring i dei ulike vassdraga.
  5. Revisjonsaka, eventuelle OU-prosjekt og vassforskriftsarbeidet må sjåast i samanheng.
  6. Aurland kommune er samd i at det bør innførast standardvilkår for naturforvaltning som gjev sektormyndene heimel til å pålegge undersøkingar og tiltak. I tillegg til omsynet til fisken, bør standardvilkår for naturforvaltning for Nærøydalselvi omfatte erosjonssikring og restaureringstiltak

Samrøystes